

# DET NORSKE SPRÅKMANGFALDET OG OPPLÆRINGA I NORSK SOM ANDRESPRÅK



**ELDAR HEIDE**

*Fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskulen på Vestlandet*

*eldar.heide@hvl.no*

Samandrag: Denne artikkelen problematiserer forholdet mellom norskopplæringa sitt mål om at innlærarane skal bli kommunikative og integrerte i samfunnet og fokuset på bokmål og standardspråk i læremidla. På bakgrunn av at mange norskinnlærarar er frustrerte over lite samsvar mellom daglegtalen og språket dei møter i opplæringa, ser eg på korleis den store variasjonen i norsk blir handtert i læreplanar, lærebøker og faglitteratur. Det viser seg at læreverka stort sett formidlar bokmål med normert austnorsk uttale, eventuelt nynorsk normalmål, medan dialekt har svært liten plass. Vidare presenterer eg forskning som tyder på at dialektbruk fremjar integrering og peikar på at det er semje om at språk må øvast i autentiske situasjonar. Då er det eit paradoks at dialekt har så liten plass. Forenkling i ulike former er pedagogisk nødvendig, men må balanserast mot eksponering for språket slik det er. Skjermar vi innlærarane mot variasjonen i språket, kan det gje truleg dei eit handikap, trass i gode intensjonar. Som avslutning drøftar eg årsakene til dagens praksis og korleis variasjonen i språket kan koma sterkare inn i andrespråkopplæringa.

## I. INNLEIING

Med utbreidd dialektbruk heilt til topps i samfunnet skil norsk seg skarpt frå dei andre statsberande språka i vår kulturkrins (jf. t.d. Trudgill, 2002, s. 31, 2007, 2009, Kristiansen, 1996). Stikk imot normalen internasjonalt er dialekt hos oss vanleg både i riksdekkande etermedia og på talarstolen i nasjonalforsamlinga, og dei lokale dialektane er i allmenn bruk. Også i normert skrift har vi lenge hatt mykje større variasjon enn andre europeiske språk (med to vide normer), og no endå meir i unormert skrift, særleg i SMS og på sosiale medium, som speglar talemålsvariasjonen.

Bakgrunnen for mangfaldet er sjølvstundt den spesielle språkhistoria vår, som har gjort at vi ikkje har nokon talemålsstandard med både sosial og nasjonal-historisk prestisje som ville ha utdefinert dialektane (men sjå *Norsk lingvistisk tidskrift* nr. 1 2009). I staden har vi eit språkideologisk klima der det blir oppfatta som sjølvstundt og positivt at språket består av mange varietetar og at dei blir snakka i meir eller mindre alle samanhengar (Kristiansen 1996, Ims, 2014). I Noreg møter ein derfor eit mykje meir mangfaldig nasjonalspråk enn i landa rundt oss, endå dialektskilnadene frå gammalt av var endå større der (men no er sterkt utjamna).



→ Etter alt å dømme er den store variasjonen i norsk ei særskild utfordring for dei med anna morsmål som vil lære språket. Trudgill opplevde det slik på 1970-talet (2007, s. 10), og mange norskinnlærarar opplever det slik i dag. Ein del av problemet er at opplysning om mangfaldet «ikke finnes i noen lærebok», påpeika tyske Rebekka Borsch i eit avisinnlegg i 2010. Amerikanske Laura Sætveit Miles klaga i eit innlegg i 2015 over ein-sidig vekt på bokmål i norskopplæringa. Etter åtte månader på Folkeuniversitetet hadde ho «ikke blitt fortalt noen ting om dialekter». Ein kan oppleva at folk heller snakkar engelsk enn norsk standard.<sup>1</sup> I lokalavisene rundt om i landet står det stadig om innvandrarar (frå heile verda) som strevar med å skjønne folk der dei bur og arbeider, sidan dei har lært bokmål på norskkurs og folk snakkar dialekt.<sup>2</sup>

Dessverre har vi ikkje forskning som viser kor utbreidd problemet er. Til gjengjeld er det vanskeleg å sjå korleis det *ikkje* kan vera tyngre å lære eit språk dess mindre ein kan ta med ut i samfunnet det ein lærer i timane. Og det finst faglitteratur som gjev same biletet. Ein studie frå Vinje i Telemark påviser at innvandrarar (frå Somalia) var frustrerte fordi dei «skjønte [...] ingen ting» når dei kom ut blant folk i bygda, fordi «den lokale dialekten [...] var så annerledes fra språket de lærte på voksenopplæringen» (nemleg bokmål. Reppen 2011, s. 77). Grimstad har konstatert det same i Ulstein kommune på Sunnmøre (Grimstad og Osland 2007, s. 20). Gujord (2017, s. 14–15) peikar på at liknande erfaringar ofte blir nemnde i personlege forteljingar frå Norsk andrespråkkorpus.

## II. KVA PLESS HAR DET NORSKE SPRÅKMANGFALDET I OPPLÆRING OG FAGLITTERATUR?

Det er grunn til å tru at dialektbruken i Noreg får mykje av skulda for den frustrasjonen innlærarar i alle språk-samfunn opplever over autentisk språk. Likevel kan det ikkje vera tvil om at den norske språksituasjonen sterkt aukar problemet. Korleis møter læreplanar, læreverk og faglitteratur denne utfordringa? Det skal eg prøve å svara på no, med å gå gjennom eit utval slike publikasjonar. Eg drøftar ikkje om innvandrarar skal lære bokmål eller nynorsk, men om dei får nok hjelp med å takle at språket dei møter, er så mangfaldig.

Når det gjeld lærebøker, har det vore vanskeleg å finne eit objektivt kriterium for utvalet, men eg har prøvd å få med dei mest brukte læreverka, nye læreverk og fagleg autoritative utgreiingar og granskingar. Eg har gått gjennom sju læreverk: *Norsk start* for mellomsteget og ungdomssteget, *NorskPluss. Ungdom* for ungdomssteget, *Sats* for ungdomssteget og vidaregåande skule, og *Ny i Norge, På vei, Norsk nål* og *Dørene åpnes* for vaksne. I desse verka har eg gått gjennom både tekstbøker, arbeidsbøker, lærarrettleiingar, lydfiler og (andre) nettressursar.<sup>3</sup>

Det eg har undersøkt, er kor mykje og kva læreplanane og læreverka inneheld og seier om dialektar og språkvariasjon. Dette er altså kvantitativ metode med kvalitative innslag, når eg vurderer stoff i dei ulike verka

---

«I lokalavisene rundt om i landet står det stadig om innvandrarar (frå heile verda) som strevar med å skjønne folk der dei bur og arbeider, sidan dei har lært bokmål på norskkurs og folk snakkar dialekt.»

(Pingel 2010). Mange av publikasjonane er svært gode ut frå sine premissar; eg problematiserer premissane.

*Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere* frå 2005/2012 nemner «dialekt» fire gonger. Innlæraren skal «forstå vanlige lokale dialektuttrykk» heilt frå lågaste nivå (fyrst «enkelte lokale dialektuttrykk», så «noen». Ibid, s. 14, 16, 18, 20), og på høgste nivå skal eleven kunne «forstå dialekter når den som snakker tilpasser språket til en viss grad» (ibid, s. 20). Dette er noko, men det spørst om det når opp til dei andre måla. Innlærarane skal «forstå viktige poenger i radio- og tv-programmer om aktuelle saker eller temaer av personlig eller faglig interesse» og kunne «følge med

<sup>1</sup> T.d. <https://tv.nrk.no/serie/dialektriket/DVFJ65001112/sesong-1/episode-1#>, frå 33:40 ute i programmet.

<sup>2</sup> Sjå til dømes Stobakk 2014 og Mona 2015 om Snåsa i Nord-Trøndelag, Farah 2015 om Frostia i Nord-Trøndelag, Bjørndal 2015 om Verran i Nord-Trøndelag, Nordhaug 2015 om Orkdal i Sør-Trøndelag, Lange 2015 om Oppdal i Sør-Trøndelag og Røen 2015 om Voss i Hordaland.

<sup>3</sup> *Dørene åpnes*, Borgen mfl. 2004a, 2004b, 2004c, 2004d, 2004e, 2004f, 2004g, 2004h; *NorskPluss. Ungdom*, Aalen 2014c, 2014d, 2014e, 2014a, Grave 2014a, 2014b, nettressurs på <https://portal.kunnskap.no/> (bak passord), *Norsk start*, Gjelseth og Lofthus 2010, Berg og Sjø 2010b, Mac Donald 2011, Berg og Sjø 2010a, lydfiler på [http://norskstart-lare8-10.cappelendamm.no/artikkel.html?tid=776892&kap\\_tid=737744&niv\\_tid=737743](http://norskstart-lare8-10.cappelendamm.no/artikkel.html?tid=776892&kap_tid=737744&niv_tid=737743) (bak passord); *Ny i Norge*, Manne og Nilsen 2013a, 2013b, 2013c, 2013d, nettressurs på <http://nyinorgelaerer.portfolio.no/read/b4c1ab2e-c35e-425b-bb2d-49dce66184ef> (bak passord); *På vei*, Ellingsen og Mac Donald 2012a, 2012b, 2013, nettressurs på <http://pavei.cappelendamm.no/>; *Sats. Grunnleggende norsk for ungdom*, Svensson m. fl. 2015b, 2015a, Svensson og Guillemain 2015, Dahl mfl. 2015, nettressurs på <http://sats.portfolio.no/> (bak passord), *Norsk nål*, Nilsen og Fjeld 2016i, 2016g, 2016j, 2016k, 2016a, 2016b, 2016h, 2016f, 2016c, 2016d, 2016e, nettressurs på [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/2802fe14-b3e3-4223-a9d3-e1c705bfd7c7e](https://norskna.portfolio.no/read_container/2802fe14-b3e3-4223-a9d3-e1c705bfd7c7e) (bak passord).

i handlingen i noen filmer med norsk tale» (ibid, s. 18) – på same nivå som dei berre skal «forstå vanlige dialektuttrykk». Er det nok, når det er heilt normalt at slike program og filmar speglar den norske talemålsvariasjonen? Føremålet med planen er å «styrke nyankomne innvandreres mulighet for deltakelse i yrkes- og samsfunnslivet» (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk 2012, s. 3). Då treng dei å forstå den lokale dialekten tidleg.

I *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter* frå 2007 er eitt av hovudområda «Lytte og tale», som m.a. «dreier seg om å forstå norsk tale» (Utdanningsdirektoratet, 2007, s. 3). Fleire av kompetansemåla er ambisiøse når det gjeld kunnskap om språkmangfaldet: Eleven skal kunne «samtale om forholdet mellom tale og skriftspråk» etter nivå 1, «samtale om språklig mangfold i Norge» etter nivå 2, og kunne «lese og snakke om enkle tekster på sidemålet», «snakke om talemålsvariasjon, stemmebruk og kroppsspråk i ulike språk» og «samtale om særlige kjennetegn ved noen norske dialekter» etter nivå 3, som er det høgste (ibid, s. 6-7). Dette er bra, men ingen av desse måla er plasserte under «Lytte og tale». Punkta om språkleg mangfald og dialektar står under «Språk og kultur». Det tyder på at ein ikkje ser kor *praktisk* viktig kunnskap om desse tinga er for den som skal lære norsk.

Går vi til læreverka, så finn vi same tendensen, berre sterkare. Fyrst bokmålsutgåvene og læreverka som berre er på bokmål: Alle eg har sett på, gjennomfører éi skriftnorm og lydfile med svært skriftnær opplesing av tekstane. Det aller, aller meste av opplesinga har sentralaustlandsk uttale i normert variant. Fortidsending på -a må ein leite etter, trass i at ho er svært vanleg i omtrent alle norske kommunar. I mange læreverk er ho ikkje nemnd, eller ho kan vera nemnd i ein fotnote baki boka (t.d. Ellingsen og Mac Donald 2012a, s. 196). Ingen av læreverka fortel elevane at det fyrst og fremst er i éin del av landet dei kjem til å møte læreverket si målform og at folk flest i resten av landet snakkar annleis eller svært annleis.

Det einaste eg ser som tyder på at ein har prøvd å tøyse seg mot andre delar av språket, er at *Ny i Norge, På vei og Norsk nå!* har fleire hokjønnsformer (*ei bok, døra, mi, osv.*) enn det som er usus på bokmål i dag. Til gjengjeld har *Sats* mange færre enn det som er vanleg.

Fleirtalet av læreverka (i alle fall *Ny i Norge, På vei, Dørene åpnes, Norsk nå!*) har innimellom nokre få røyster som uttalar bokmålet med tonefall og til dels uttale (skarre-*r*) frå andre delar av landet. Andre (som *Sats*) har ikkje det, heller. Nokre læreverk har lærar-CD-ar med ei kort forteljing i dialektvariantar (*Ny i Norge, På vei*). Men dei er ikkje tilgjengelege for elevane utan at læraren legg opp til det, og det følger ikkje med

transkripsjon av dialektprøvelydfilene, berre bokmålsversjon.

Dei fleste bøkene har *litt* om dialektar og nynorsk, vanlegvis frå ei halv til eit par sider. Det er gjerne nokre setningar på dialekt og/eller nynorsk, med bokmålsversjon attmed, og kanskje nokre spørsmål om kva vanlege ord og uttrykk heiter på den lokale dialekten – og så står det kanskje *litt* om den språkhistoriske bakgrunnen for at vi har både bokmål og nynorsk (t.d. *Norsk nå!*, som er midt på treet, Nilsen og Fjeld 2016i, s. 73, 2016g, s. 263, 2016j, s. 35). Minst av slikt er det, så vidt eg kan sjå, i *Sats*, som berre seier dette: «I Norge har vi to skriftspråk: nynorsk og bokmål» (Svensson, mfl., 2015b, s. 81). Dei

---

«Dei fleste bøkene har *litt* om dialektar og nynorsk, vanlegvis frå ei halv til eit par sider. Det er gjerne nokre setningar på dialekt og/eller nynorsk, med bokmålsversjon attmed, og kanskje nokre spørsmål om kva vanlege ord og uttrykk heiter på den lokale dialekten ...»

fleste har stoffet om dialekt og nynorsk i arbeidsboka eller knytt til oppgåver på nett, ikkje i tekstboka.

*Dørene åpnes* og *NorskPluss. Ungdom* er delvise unntak frå dette. I *Dørene åpnes* er det norske språkmangfaldet mykje betre representert enn i dei andre læreverka. Det er fem songar på skriftleg dialekt og seks dikt og to noveller på nynorsk, og mykje av dette er òg med på CD-ane (Borgen, mfl., 2004a, s. 24, 89, 113, 149; 2004c, s. 18, 19, 34, 53, 115, 158, 160–62, 178, 2004f, 2004g). Dei fyrste ikkje-bokmålstekstane kjem ganske tidleg i verket. Blant oppgåvene i arbeidsbøkene er å peike ut og forklare dialektord i fire av visene (Borgen, mfl., 2004b, s. 19, 55, 2004d, s. 16, 103). På CD-rommen (Borgen, mfl., 2004h) som fungerer som eit slag tillegg, er det òg nokre lydfile med utprega dialekttale frå mange kantar av landet og eit par med folkeleg sentralaustlandsk. *NorskPluss. Ungdom* har nokre tekstar og videoar på dialekt (Aalen 2014c, s. 69, 90, 142; 2014e, s. 17, 67, 2014b, s. 19). Men det spesielle med verket er at det har ein del *om* det norske språkmangfaldet. Boka for nivå 3 har oppimot 10 sider om dette, brukar





Foto: Flickr.com/Jan-Eric-Melander



kolonifortida mange lesarar kjenner frå landet dei har røter i, til å forklare den norske tospråks situasjonen, og nemner fleire av dei viktigaste målmerka (Aalen 2014e, s. 15–26, 50–51, 67, Grave 2014a, s. 13–14). Den norske språksituasjonen blir greitt forklart, og det er tabellar med fyrstepersonspronomen, spørjeord og nektingsadverbet kringom i landet i tekstboka (Aalen 2014e, s. 15–16). I arbeidsboka er det nokre spørsmål om dialektten der innlæraren bur (Grave 2014a, s. 13). Likevel er ikkje-bokmål også i desse læreverka ein parentes.

Blant læreverka eg har gått gjennom, er det *Norsk start* og *NorskPluss. Ungdom* som ligg føre både på nynorsk og bokmål.<sup>4</sup> I *Norsk start* gjer dette at elevane lett får breiare lyttetrening, for lydfilene ligg rett under kvarandre på nettet. For innlærarane er det nok òg nyttig at bøkene er på nynorsk der kommunane har valt at dei skal ha det, sidan nynorsken i desse verka ganske sikkert ligg nærare dialektten på staden (i og med at han er lite puristisk). Likevel gjer heller ikkje *Norsk start* så mykje ut av dialektar og kva ting heiter der elevane bur (Berg og Sjø 2010b, s. 11, 84, Berg og Sjø 2010a, s. 69).

Tendensen er at det er læreøkene for grunnskulen som har mest med om nynorsk og dialekt, vel fordi læreplanen der har mest omfattande krav om dette, medan læreplanen for vaksne har meir praktisk siktemål.

I tillegg kjem at det er underskot også på folkeleg sentralaustlandsk i læremidla. Fortid på *-a* i verb har eg nemnt. Vanlege ord(former) som *sjøl, djup, mjuk, jamn, åssen, åffer, vinni, skrivi, skyti, reiv, beit, veit, hu/ho/a*, har eg ikkje kome over, heller ikkje trykk på rotstavinga i framandord som *bensin* og *idiot*, og tjukk *l* er svært uvanleg i lydfilene eg har høyrte på.

Det smale språkvalet i læreverka står i motsetnad til målsetjingane. Sjå til dømes lærarretteleinga til *Ny i Norge* (Manne og Nilsen 2013, s. 9, 16): «Å få til et samspill mellom undervisningen og verden utenfor klasserommet er en forutsetning for en effektiv og relevant undervisning». «Målet må [...] være at språkkinnlærerne får god nok kompetanse i språket til å klare seg i de situasjonene som de har behov for det» (ibid., s. 9). Liknande i Nilsen og Fjeld 2016g, s. 5, 2016k, s. 11 og Ellingsen og Mac Donald 2012b, s. 1–2). Spørsmålet er om ikkje mange innlærarar ville klart seg betre i dei autentiske situasjonane dei opplever i sitt arbeids- og lokalmiljø dersom dei hadde fått breiare norskkompetanse i opplæringa, og om dei ikkje då ville lært norsk raskare.

Her har eg berre sett på den praktiske sida av

saka, det at læreverka berre delvis brukar eksponering for norsk slik språket er som vegen til meistring av det. I tillegg bør det påpeikast at truleg ingen av læreverka eg har sett på, truleg heller ikkje *NorskPluss. Ungdom*, er slik at brukarane kan nå kompetansemåla vi såg i læreplanane ovanfor, utan å søke kunnskap andre stader.

Når det gjeld målforma lærarane snakkar i undervisninga, har vi lite data. Men Olaf Husby, ekspert på uttale i norsk som andrespråk, seier dette: «Generelt kan en si at i grunnleggende andrespråkundervisning av voksne i Norge brukes bokmålsnær tale med en dialektalt preget intonasjon» (Husby 2015b, s. 330–31, jf. 2009 og Molde 2017). Kor vanleg det er at lærarar jobbar med språkvariasjon i undervisninga, trass i at læreverka ikkje legg opp til det, veit vi ikkje.

I faglitteraturen om norsk som andrespråk er biletet meir samansett enn i læreverka. Husby har i lang tid peika på at når det norske språket har stor variasjon, så er det ikkje tenleg at innlærarar berre skal lære (austlands)bokmål. Innlæraren klarer seg med å snakke bokmål, men vil normalt vera meir tent med å «prøve å tilnærme seg en av de regionale [uttale]variantene og definere denne som målspråk» (Husby 2015a, s. 331). Som lyttar må innlæraren minst «kunne forstå de ulike regionale variantene av talt bokmål», men bør òg kunne forstå den lokale dialektten og «helst ha [...] en lyttekompetanse tilnærmet lik den nordmenn har» – for å vera «funksjonsdyktig i det norske samfunnet» (ibid.).

Elles i faglitteraturen er dialekt og variasjon ofte endå mindre tematisert enn i dei fleste læreverka vi har sett på. Antologien til Eide 2015 (utanom den nemnde Husby 2015a) og Selj og Ryen 2008 nemner ikkje «dialekt», «variasjon», «talemålsvariasjon», «varietet» eller «sosiolekt» (etter registeret baki boka å dømme). Drøftingar av uttale i samband med norsk som andrespråk kjem lite inn på uttalevariasjonen i norsk. Harnæs (2008) drøftar kva uttaleutfordringar folk med det eller det morsmålet møter, og rår til at det blir arbeid meir med uttale, men seier ingen ting om korleis innlæraren kan hanskast med mangfaldet i norsk uttale. I sitt hjørnesteinsverk om norsk *Andrespråkslæring* (1999) nemner Berggreen og Tenfjord «dialekt», «sosiolekt» og «varietet» berre i samband med drøfting av mellomspråk oppfatta som varietet av målspråket (ibid., s. 20–21, 332) og varietetar oppstått «ved signalisering av etnisk tilhørighet» (ibid., s. 179). Berggreen mfl. 2012 nemner ikkje «dialekt», og «varietet» er nemnt berre i samband med nytt ungdomsspråk (ibid., s. 30) og i ei presisering av at omgrepet ortofoni berre gjev meining

<sup>4</sup> Ein handfull andre norsklæreverk gjer òg det, sjå <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetspr%C3%A5klege/minoritetsprake?view=printer&PHPSESSID=a6hbcqfs84dovrsq6f467j2d0>.



→ sett i høve til ein viss varietet (ibid., s. 65).

Golden, Mac Donald og Ryen (2014, s. 11–12, 56–57) gjer greie for *a*-endingsvariasjon innanfor bokmål: «Det er mer bruk av *a*-endelser ved konkreter enn abstrakter, for eksempel *døra, tavla, klokka, gata, veska, senga*». «Endelsen *-et* er vanligst i skrift, men *-a* er vanlig muntlig og den eneste endelsen i mange dialekter.» Men dette er visst einaste stad i boka at ordet «dialekt» er brukt. Det står ikkje i registeret, og heller ikkje «variasjon», «talemålsvariasjon», «varietet», «sosioloekt» eller «uttale». Forfattarane har hatt som mål «å gi en beskrivelse av det norske språket slik det er i dag» (ibid., s. vi.). Spørsmålet er om det er det dei har gjort. Boka er ein god bokmålsgrammatikk med andrespråksperspektiv, men ser bort frå breidda i språket. Dermed blir brukarane av boka dårlegare hjelpne enn dei kunne ha vorte. Svært mange av norskinnlærarane kjem til å bu andre stader enn på Sentral-Austlandet, og også der er det «for eksempel en sjef fra Bergen eller en kjærreste fra Bodø» (Mahan 2015).

### III. DIALEKTBRUK OG INTEGRERING

At dialekt har så liten plass i andrespråksopplæringa, er overraskande på bakgrunn av at dialektbruk ser ut til å fremja integrering, som jo er eit viktig mål med norskopplæringa. I ein studie gjord av van Ommeren på Oppdal var dei innfødde informantane

*enige om at jo mer en innvanderer viser at han eller hun prøver å integreres, jo mer positivt innstilt blir de til dem. Det å ta etter dialekt er noe de mener signaliserer at vedkommende nettopp «prøver» å tilpasse seg, og det er derfor noe de vurderer som svært positivt. (van Ommeren 2010, s. 103)*

«Det er de informantene som er mest orienterte mot den lokale gruppen som framviser flest dialektale realiseringer» (ibid., s. XI). Reppen (2011, s. 99), som har granska språkhaldningar hos somaliarar i Vinje i Telemark, konstaterer det same, og at dei sjølve ønskjer å snakke dialekt. Dei «ønsker å høre til i lokalsamfunnet i Vinje, og de har en bevisst holdning til at språket er en nøkkel for å oppnå denne tilhørigheten» (ibid., s. 101). Dei har òg merka at det er ein fordel utanfor Vinje å snakke med innslag av vinbygg, særleg på jobbintervju. Dialekt «skape[r] troverdighet» og markerer avstand til dei problematiske, uintegrerte storbyosomaliarane media fortel om (ibid., s. 98). Grimstad og Osdal gjer liknande vurderingar: Mange nordmenn kvider seg for å snakke bokmål, så dersom innvandrarar berre forstår bokmål, kan folk unngå problemet «ved å unngå kontakt» (Grimstad og Osland 2007, s. 7, 12). Reppen trur dialektbruk og integrering forsterkar kvarandre

gjensidig, slik at det blir

*en «god sirkel» av tilhørighetsfølelse, dialektbruk og positive reaksjoner – uten at vi nødvendigvis kan vite hvor sirkelen starter og slutter. Med andre ord kan bruk av nynorsk og dialekt kanskje like gjerne være begynnelsen som sluttresultatet av en integreringsprosess.*

Vi har enno ikkje så mykje data om samanhengen mellom dialektbruk og integrering, men det vi har peikar eintydig i retning av at dialektbruk fremjar integrering. Ein *treng* sjølvsgagt ikkje snakke lokal dialekt for å få innpass i lokalsamfunnet. Men det kan sjå ut til at dersom innvandrarar får hjelp med den lokale dialekten, så fører det til meir og tidlegare språktrening og raskare integrering. Likevel er dialekt sjølvsgagt berre ein faktor i den kompliserte og langvarige integreringsprosessen – men truleg ein undervurdert faktor.

### IV. ÅRSAKER TIL DAGENS PRAKSIS

Kvifor tek læreplanar, lærebøker og faglitteratur så lite omsyn til at ein *treng* kompetanse på det norske språk-

«Kvifor tek læreplanar, lærebøker og faglitteratur så lite omsyn til at ein *treng* kompetanse på det norske språk-mangfaldet for å fungere i det norske samfunnet?»

mangfaldet for å fungere i det norske samfunnet?

Når det gjeld normalisering (til bokmål) i undervisninga, så er «Lærernes valg [...] gjerne begrunnet i et ønske om å minimalisere avstanden mellom talt og skrevet norsk» (Husby 2015b, s. 330–31). I lærebøkene blir det sagt lite om skriftnormval, men Golden, Mac Donald og Ryen (2014, s. vi.) seier dei har valt éi norm fordi det «kan [...] være et problem» for innlærarane å «lese og forholde seg til mer enn én form».

Det kan det sjølvsgagt. Men språket og språksamfunnet er no eingong slik dei er; variasjonen blir jo ikkje borte for det om læreverka stort sett ser bort frå han, og læreverka og opplæringsystemet kan heller ikkje skjermje innlærarane mot variasjonen. Det er det neppe nokon som eigentleg går inn for, heller. Det ein meiner, er truleg at ein må forenkla språket til å begynne med.

Kanskje er det fornuftig, og eg veit at mange lærarar slepper inn mangfaldet i norsk meir og meir utover i opplæringa. Likevel er det ikkje berre i begynnaropplæringa at norsk blir forenkla til bokmål med normert austnorsk uttale. Grammatikken eg nettopp siterte frå, er ikkje ei nybegynnarbok som blir utfylt av eit band II med fylldig opplysning om den norske språkvariasjonen. Og heller ikkje i dei andre læremidla blir det så mykje meir om språkvariasjonen på høgre nivå. Tanken er nok pedagogisk forenkling. Men dersom språket blir forenkla heilt til innlærarane er ferdige med opplæringa, så går dei vel ut i samfunnet med handikap? Og problemstillinga er vel ikkje at det er betre å lære bort éin variant av norsk (og sjå bort frå dei andre), slik at innlærarane i alle fall kan gjera seg forståtte? Innlærarane lærer jo mykje fortare sin eine norskvariant dersom dei tidleg kan bruke språket i autentiske situasjonar. Kjennskap til språket i lokalsamfunnet er då nødvendig heilt frå starten av, ikkje ein finesse for vidarekomne.

Det bør òg nemnast at det ikkje er etter systematiske forsøk med ulike alternativ at standardisert skriftnorm og standardtalemål har fått så sterk posisjon i andrespråksopplæringa. Kva samspel av språkformer som er mest effektivt i ulike situasjonar, er lite utforska. Eg kjenner til at nokre lærarar snakkar dialekt i undervisninga heilt frå starten av, med godt resultat.

Eit anna spørsmål er kvifor ein prøver å forenkla bort akkurat variasjonsutfordringa og ikkje andre ting som er vanskelege i norsk. Ingen seier: «Inversjon kan vera eit problem for innlærarane, så det temaet har vi unngått i denne læreboka.» Det er sjølvsgatt fordi dei syntaktiske reglane er grunnleggjande i språket, og somme lesarar tykkjer kanskje jamføringa er usakleg. Likevel er også stor variasjon ein grunnleggjande eigenskap ved norsk. Språkvitskapleg sett høyrer variasjon til ein annan kategori enn inversjon, V2-regelen, postverbal nekting, etterhengd dobbel bestemming, tonem, osv. (som læreverka sjølvsgatt tek opp og presenterer strategiar for). Desse vanskanane høyrer til grammatikken i *eitt* språkssystem, medan variasjon sprenger denne ramma. Men for innlærarane spelar det neppe noka rolle om vanskanane dei møter, er av eine eller andre typen, språkvitskapleg sett. Dei ønskjer hjelp, anten vansken er slik eller sann.

Ein del av forklaringa på at læreverk, undervisning og faglitteratur i så liten grad tematiserer variasjonen i norsk, kan vera at det ikkje er normalt i vår kulturkrins at statsberande nasjonalspråk har slik variasjon. Dermed er det ikkje laga strategiar for det i dei språksamfunna som fekk masseinnvandring og profesjonell andrespråksopplæring før oss, og det norske fagmiljøet er sjølvsgatt påverka av det som skjer ute. Ville vi ikkje hatt ei heilt anna tilnærming til dette spørsmålet

dersom dei fleste statsberande språk i vår kulturkrins hadde hatt språkvariasjon av vår type?

## V. NÆRARE OM DET LÆRINGSTEORETISKE

I undervisning og lærebøker er det normalt, kanskje regelen, at ein presenterer modellar som i større eller mindre grad er forenklingar. Til dømes gav gymnaslæreboka mi i biologi ei sterkt forenkla framstilling av celler (Berg 1979, s. 80–86). Det er ikkje verre å gje norskinnlærarar ein sterkt forenkla versjon av språket dei prøver å lære. Det avgjerande er kor tenleg forenklinga er. I cellebiologien er eg sikker på at det var fornuftig å forenkla. Den forenkla modellen var lettare å lære, han hemma ikkje kommunikasjonen med folk utanfor skulen, og det gjekk ikkje tregare å lære modellen dersom vi ikkje fekk til denne kommunikasjonen. Men slik er det for veldig mange med den forenkla norskmodellen. Eg seier ikkje at han ikkje skal brukast. Men eg saknar medvett om at ein brukar ein forenkla

---

«Temaet eg tek opp, er klårt viktigast i vaksenopplæringa, fordi barn vanlegvis møter naturleg tale i klassen med etnisk norske elevar og dermed raskt snappar opp språket slik det er.»

modell, og drøfting – både i lærarrettleiingar og bakgrunns litteratur – av kor stort bruksområde han skal ha. Kanskje kan vi jamføre med dei forenkla fagtekstane til andrespråksinnlærarar. Dei er laga med pedagogisk siktemål, men det har vist seg at dei ofte fungerer mot si hensikt (Reichenberg 2007, Badenius 2015).

Dialekt(bruk) passar som hand i hanske med sosiokulturell læringsteori, som legg vekt på at vi lærer i samspel med andre – både forgjengarane våre og dei vi har rundt oss, i klasserommet og ute i samfunnet. Teorien legg vekt på at språket er nøkkelen til dette samspelet (t.d. Dysthe 2001). Utgangspunktet for denne artikkelen er at mange norskinnlærarar er frustrerte over samfunnsdelen av dette samspelet – fordi opplæringa deira ikkje har prioritert norskvariantar som legg til rette for det.

Kognitiv læringsteori med si vekt på kva som skjer i individet, står til dels i motsetnad til den sosiokulturelle læringsteorien, men også den legg vekt på moment som er positive når det gjeld språkleg mang-





→ fald. Forskning innanfor denne retninga har dei seinare åra påvist at to- og fleispråklegheit stimulerer sentrale kognitive mekanismar i hjernen (t.d. Baker 2006, Bialystok 2011), og det ser ut til at veksling også mellom nærskylde varietetar har denne effekten (Vulchanova mfl. 2014). Språkleg mangfald treng altså ikkje vera sand i læringsmaskineriet, slik ein lett kan tru.

Å ta inn dialekt kan òg sjåast som tilpassa opplæring, som læreplanen legg vekt på (Utdanningsdirektoratet 1993, s. 8). Opplæringa skal òg tilpassast den språksituasjonen elevane er i, i lokalsamfunnet.

## VI. KVA KAN GJERAST ANNLEIS?

Ein del moment (innleiinga + III og V) tyder på at norskinnlærarar raskare kan bli fullt kommunikative og integrerte i samfunnet dersom lokal dialekt spesielt og variasjonen i språket generelt kjem meir inn i opplæringa. Eg tillèt meg å skissere nokre måtar det kan gjerast på.

Temaet eg tek opp, er klårt viktigast i vaksenopplæringa, fordi barn vanlegvis møter naturleg tale i klassen med etnisk norske elevar og dermed raskt snappar opp språket slik det er. Men *andre* dialektar treng kanskje minoritetsspråklege barn meir om på skulen enn norskspråklege, fordi dei ofte har mindre kontakt med andre delar av det norske språksamfunnet.

I læreverka burde det gå an ha mange fleire tekstar som speglar breidda i språket, med ordforklaringar attmed. Det bør òg gå an å ha spørsmål av typen: «Kva heiter dette på den lokale dialekten?» / «Korleis er dette i den lokale dialekten?» i kvar leksjon, heilt frå helsegfrasane i starten. På denne måten kan ein, utan at det tek stor plass, få inn den lokale dialekten parallelt. Etter mitt syn bør slike spørsmål i tilfelle stå i tekstboka. Heiter det det same i dialekten som på bokmål (eller nynorsk), så er ikkje det noko problem. Det burde òg gå an at minigrammatikkane som gjerne står baki bøkene, fekk nokre sider i tillegg med oversyn over dei viktigaste særtrekka i kvart hovuddialektområde, både fonologiske og morfologiske. Ein kunne òg teke inn meir/noko tekst på nynorsk i bokmålsbøker (og omvendt), og oversyn over hovudskilnadene mellom bokmål og nynorsk. Eit minimalistisk alternativ til landsoversyn kan vera ein utfyllingsgrammatikk, der eleven skriv inn formene frå den lokale dialekten (problembasert pedagogikk). Det kunne òg vore nyttig om læremidla kunne tilbydd fleire parallelloptak av same tekst, på ulike dialektar – med enkel transkripsjon av dialektvariantane.

Når det gjeld det skulane tilbydd, så går det an å organisere meir dialektarbeid, meir allsidig lyttetrening og meir kontakt med lokalsamfunnet, særleg utplassering av ulike slag. Trening i å høyre på autentiske tale-

målsprøver frå heile landet vil òg vera ein fordel (t.d. NTNU sitt opplegg med åtte dialektar, [www.calst.no](http://www.calst.no)), med og utan transkripsjon framføre seg. Læraren kan skrive dialektuttrykk på tavla og uttala dei på den lokale dialekten. Dei fleste som ikkje er frå staden, kan etter litt fartstid herme, og innlærarane kan herme fleire varietetar for å koma meir på innsida av dei.

Når det gjeld læraren sitt talemål i undervisninga, er det slik i dag at mange lærarar *etter kvart* nærmar seg den varieteten dei snakkar elles. Kanskje kunne ein prøvd meir at lærarane (som kan) snakkar lokal dialekt frå fyrste time og tek dei viktigaste frasane på dialekt aller fyrst, og ventar litt med det normerte. Eg kjenner til åtte skular der ein eller fleire lærarar snakkar lokal dialekt i andrespråksundervisninga frå fyrste time, somme stader med nynorsk i lærebøker og på tavla, andre stader med bokmål som skriftmål. Somme av lærarane snakkar utprega dialekt, andre avslipt. Desse lærarane jobbar gjerne kontrastivt med bokmål, nynorsk, lokal dialekt og andre dialektar elevane møter i riksetermedia, musikk eller andre stader. Etter det eg får opplyst, er resultatane gode. Dei skulane eg kjenner til (det er heilt sikkert mange fleire), ligg på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

## VI. KONKLUSJON

Den store variasjonen ein møter i norsk, er etter alt å døme ei særskilt utfordring for dei med anna morsmål som vil lære språket. Denne utfordringa ser det ut til at opplæringsapparatet i liten grad har utvikla strategiar for. Læreplanane har ein del kompetansemål om dialekt og språkleg mangfald. Men dette er neppe nok, og det som står, blir i liten grad følgt opp i dei læreverka eg har gått gjennom – som er såpass mange (sju) og sentrale at dei ganske sikkert verkeleg representerer trenden. Både læreverka for grunnskulen og dei for vaksenopplæringa gjev innlærarane svært lite hjelp med språkvariasjonen og framstiller det langt på veg (indirekte) som om dialekt er ein parentes i norsk. Det same gjeld i stor grad faglitteraturen om norsk som andrespråk. I tale står standardspråk sterkt i undervisninga, fyrst og fremst tala bokmål. Nokre få snakkar dialekt i undervisninga heilt frå starten av, men det ser ut til at dette vanlegvis er på eige initiativ, og ikkje noko læreverk og faglitteratur legg opp til. ●

Takk til E. Brunstad, E. Bugge, S. Frøysadal, M. Brandvoll Haukenes, O. Husby, B. Høyland, T. Madsen, H. Stokka, K. Sørland og tilsette ved Nygård skole i Bergen for kommentarar og hjelp – og til Cappelen Damm, Fagbokforlaget og CyberBook for tilgang til læreverk.

## LITTERATUR:

- Aalen, M. (2014a). *NorskPluss. Ungdom. Tekstbok. Nivå 3 / nynorsk*. Oslo: CyberBook.
- Aalen, M. (2014b). *NorskPluss. Ungdom. Lærarrettleiing / nynorsk*. Oslo: CyberBook.
- Aalen, M. (2014c). *NorskPluss. Ungdom. Tekstbok. Nivå 1 og Nivå 2 / bokmål*. Oslo: CyberBook.
- Aalen, M. (2014d). *NorskPluss. Ungdom. Tekstbok. Nivå 1 og Nivå 2 / nynorsk*. Oslo: CyberBook.
- Aalen, M. (2014e). *NorskPluss. Ungdom. Tekstbok. Nivå 3 / bokmål*. Oslo: CyberBook.
- Badenius, J. (2015). *Hur lättläst är en lättläst text? Analys och jämförelse av en svensk text och dess lättlästa version i teori och praktik*. Examensarbete, Umeå universitet.
- Baker, C. (2006). *Foundations of bilingual education and bilingualism*. Clevedon: Multilingual Matters.
- Berg, G. A. (1979). *Biologi 3. For den videregående skolen*. Oslo: Cappelen.
- Berg, V., Sjo, T. K. (2010a). *Norsk start 8-10. Arbeidsbok. Nynorsk*. Oslo: Cappelen Damm.
- Berg, V., Sjo, T. K. (2010b). *Norsk start 8-10. Nynorsk*. Oslo: Cappelen Damm.
- Berggreen, H., Tenfjord, K. (1999). *Andrespråklæring*. Oslo: Gyldendal.
- Berggreen, H., Sørland, K., Alver, V. (2012). *God nok i norsk? Språk- og skriveutvikling hos elever med norsk som andrespråk*. Oslo: Cappelen Damm.
- Bialystok, E. (2011). "Reshaping the Mind: The Benefits of Bilingualism". *Canadian Journal of Experimental Psychology* 65/4, 229–35.
- Björdal, S. (2015). "Lærerikt møte". *Lokalavisa Verran-Namdalseid* 30.09.2015. 2.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004a). *Dørene åpnes. Antologi 1. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål*. 1. utg. 1994–96. [Oslo]: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004b). *Dørene åpnes. Studiehefte 1. Modul 1-3. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål*. 1. utg. 1994–96. [Oslo]: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004c). *Dørene åpnes. Antologi 2. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål*. 1. utg. 1994–96. [Oslo]: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004d). *Dørene åpnes. Studiehefte 2. Modul 4-6. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål*. 1. utg. 1994–96. [Oslo]: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004e). *Dørene åpnes. Lærerveiledning*. 1. utg. 1994–96. [Oslo]: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004f). *Dørene åpnes 2. Modul 1-3. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål. 2 pk CD*. 1. utg. 1994–96. Oslo: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004g). *Dørene åpnes 2. Modul 4-6. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål. 2 pk CD*. 1. utg. 1994–96. Oslo: Fag og Kultur.
- Borgen, E., Kleiveland, E., Manne, G., Andersen, R. O. Aabrek, B. (2004h). *Dørene åpnes 2. Modul 4-6. Norsk for voksne innvandrere. Bokmål. Språkovinger på CD-rom*. 1. utg. 1994–96. Oslo: Fag og Kultur.
- Borsch, R. (2010). "Et språklig villnis". *Aftenposten*. Kronikk 14.06.2010, <http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/Et-spraklig-villnis-6268264.html>.
- Dahl, U., Kaya, A., Guillemain, M. R. (2015). *Lærerveiledningens teoretiske utgangspunkter. [Sats. Grunnleggende norsk for ungdom]*. <http://sats.portfolio.no/read/0ccea76c-9243-44f0-adc8-1b5dadcd9db6>. Fagbokforlaget.
- Dysthe, O. (red.). (2001). *Dialog, samspel og læring*. Oslo: abstrakt.
- Eide, K. M. (red.). (2015). *Norsk andrespråkssyntaks*. Oslo: Novus.
- Ellingsen, E., Mac Donald, K. (2012a). *På vei. Tekstbok. Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. Oslo: Cappelen Damm.
- Ellingsen, E., Mac Donald, K. (2012b). *Generell veiledning til På vei*. Elektronisk tekst på nettsida til lærerverket, <http://pavei-larer.cappelendamm.no/binfil/download2.php?tid=980361&h=ac4eac811eaaebcc9eb-923fad917f6a1>. Cappelen Damm.
- Ellingsen, E., Mac Donald, K. (2013). *På vei. Arbeidsbok. Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. Oslo: Cappelen Damm.
- Farah, H. (2015). "Glad av å lære norsk". *Frostingen* 19.11.2015. 4.
- Golden, A. Mac Donald, K., Ryen, E. (2014). *Norsk som fremmedspråk. Grammatikk*. 1. utgave 1988. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grave, D. (2014a). *NorskPluss. Ungdom. Arbeidsbok. Nivå*

- 3 / bokmål. Oslo: CyberBook.
- Grave, D. (2014b). *NorskPluss. Ungdom. Arbeidsbok. Nivå 3 / nynorsk*. Oslo: CyberBook.
- Grimstad, B. F., Osland, H. (2007). *Nynorsk i andrespråksopplæringa*. Arbeidsrapport nr. 210. [http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb\\_210.pdf](http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group1/arb_210.pdf). Høskulen i Volda.
- Gujord, A. H. (2017). "«Hos en voksen er tanken helt full av masse ting.» Personlege narrativer i Norsk andrespråkskorpus (ASK) – ei kjelde til innsikt i læringsprosessen?" *Acta Didactica* 11, 1–22.
- Harnæs, L. A. (2008). "Uttale og uttaleopplæring i norsk som andrespråk." I Elisabeth Selj og Else Ryen (red.), *Med språklige minoriteter i klassen. Språklige og faglige utfordringer*. Oslo: Cappelen. 177–93.
- Husby, O. (2009). "Talt bokmål: Målspråk for andrespråkstudenter?". *NOA norsk som andrespråk*, 9–40.
- Husby, O. (2015a). "Andrespråkstilegnelse: anvendt og teoretisk perspektiv." I Kristin Melum Eide (red.), *Norsk andrespråkssyntaks*. Oslo: Novus. 401–35.
- Husby, O. (2015b). "Andrespråk og uttale." I Kristin Melum Eide (red.), *Norsk andrespråkssyntaks*. Oslo: Novus. 325–400.
- Ims, I. I. (2014). "«Alle snakker norsk.» Språkieologi og språklig differensiering i mediene". *NOA norsk som andrespråk*. 5–40.
- Kristiansen, T. (1996). "Det gode samfund: det norske eksempel". *NyS – Nydanske Studier & Almen kommunikasjonsteori* 21, 9–22.
- Lange, F. B. (2015). "-Vanskelig å skjønne oppdalsdialekta". *Oppdalingen* 06.10.2015.
- Mahan, K. R. (2015). "Bekjennelser fra en siddis – norsk som andrespråk". *Fagsnakk*, <http://fagsnakk.no/norsk-andresprak/2015/02/26/bekjennelser-fra-en-siddis-norsk-som-andresprak/>, 26.02.2015.
- Manne, G., Nilsen, G. K. (2013). *Ny i Norge. Arbeidsbok A1-A2. Generelle metodiske anvisninger*. <http://nyinorgelaerer.portfolio.no/read/791d2cda-27ec-4c19-a076-2f5f0ff7b302>. Bergen: Fagbokforlaget.
- Miles, L. S. (2015). "Lær oss innvandrere bergensk!". *Bergens Tidende* 30.09.2015. 38.
- Molde, E. B. (2017). "«Alle nordmenn snakker et annet språk enn vi studerer!»" *Språkprat* 19.01.017, <https://sprakprat.no/2017/01/19/alle-nordmenn-snakker-et-annet-sprak-enn-vi-studerer/#more-927>.
- Mona, M. (2015). "Nasteh lærer norsk som trener på fotballbanen". *Snåsnningen* 30.09.2015. 14.
- Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk. (2012). *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere*. <http://www.vox.no/Norsk-og-samfunnskunnskap/Lareplan/>.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016a). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del II. Norsk som andrespråk*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016b). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del III. Generell metodisk veiledning*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016c). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del VI. Undervisningsvurdering*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016d). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Ekstra lydlærekurs*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016e). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. Undervisningsopplegg*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016f). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del V. 40 metodiske tips*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016g). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere A1-A2. Tekstbok*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016h). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del IV. Undervisningsopplegg*. [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016i). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere A1. Arbeidsbok 1*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016j). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere A2. Arbeidsbok 2*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nilsen, G. K., Fjeld, J. (2016k). *Norsk nå! Norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere. [Lærerveiledning] Del I. Om Norsk nå!* [https://norskna.portfolio.no/read\\_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b](https://norskna.portfolio.no/read_container/dec521e1-432e-4304-8ba8-6cf59590d99b). Bergen: Fagbokforlaget.
- Nordhaug, B. K. (2015). "God trening". *Avisa Sør-Trøndelag* 01.10.2015. 23.
- Norsk lingvistisk tidsskrift 2009. Hefte 1. Tema: Standardtalemål.
- Ommeren, R. van. (2010). «Ja, jøi la an på å tåla oppdaling, ja». *En sosiolingvistisk studie av språklige praksisformer blant voksne innvandrere i Oppdal*. MA-oppg. i nordisk språk, NTNU.
- Pingel, F. (2010). *UNESCO Guidebook on Textbook Research and Textbook Revision*. Paris/Braunschweig: UNESCO and Georg Eckert Institute.
- Reichenberg, M. (2007). "La det bli et eventyr å lese lærebøker!". Bråten I. (red.). *Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet - teori og praksis*. Oslo: Cappelen. 82–109.
- Reppen, I. A. (2011). "Det viser seg at du er ekte nordmenn i stedet". *Andrespråksbrukere, sted og tilhørighet*. MA-avh., NTNU.
- Roen, K. Å. (2015). "Må lære bokmål på Voss". *Avisa Hordaland* 29.10.2015. 16.
- Selj, E., Ryen, E. (red.). (2008). *Med språklige minoriteter i klassen. Språklige og faglige utfordringer*. Oslo: Cappelen.
- Støbbakk, T. (2014). "Får lære norsk og lage mat fra hjemlandet - samtidig!". *Snåsnningen* 24.09.2014. 8.
- Svensson, J., Gullemain, M. R. (2015). *Sats. Grunnleggende norsk for ungdom*. Arbeidsbok. Bergen: Fagbokforlaget.
- Svensson, J., Røllheim, A. (2015a). *Sats. Grunnleggende norsk for ungdom. Lærerveiledning*. [https://sats.portfolio.no/read\\_container/c7f05603-1169-4082-8b78-ec51cfda922e](https://sats.portfolio.no/read_container/c7f05603-1169-4082-8b78-ec51cfda922e). Bergen: Fagbokforlaget.
- Svensson, J., Røllheim, A. (2015b). *Sats. Grunnleggende norsk for ungdom. Tekstbok*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Trudgill, P. (2002). *Sociolinguistic Variation and Change*. Edinburgh: Edinburgh U. P.
- Trudgill, P. (2007). "Foreword. Dialects and democracy." Husby, O., Kløve, M. H. (red.). *Andrespråksfonologi. Teori og metodikk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal. 9–11.
- Trudgill, P. (2009). "Samnorskprosjektet - suksess eller fiasko?" *Språklig Samling* 4, 5–10.
- Utdanningsdirektoratet. (1993). *Generell del av læreplanen*. <http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>.
- Utdanningsdirektoratet. (2007). *Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter*. <http://data.udir.no/kl06/NOR7-01.pdf?lang=nob>.
- Vulchanova, M., Åfarli, T. A., Asbjørnsen, M., Vulchanov, V. (2014). "Flerspråklighet i Norge: en eksperimentell språkprosesseringsstudie." I E. Brunstad mfl. (red.). *Rom for språk. Nye innsikter i språkleg mangfald*. Oslo: Novus. 145–70.

#### VITENSKAPELIG REDAKSJON NORSKLÆREREN 2017

LEDER: Jonas Bakken  
Førsteamanuensis ved Institutt for lærerutdanning og skoleforskning  
Universitetet i Oslo  
[jonas.bakken@ils.uio.no](mailto:jonas.bakken@ils.uio.no)

Frøydis Hertzberg  
Professor emerita ved Institutt for lærerutdanning og skoleforskning  
Universitetet i Oslo  
[froydis.hertzberg@ils.uio.no](mailto:froydis.hertzberg@ils.uio.no)

Jon Smidt  
Professor emeritus i norskskildaktikk, avdeling for lærer- og tolkeutdanning  
NTNU  
[jon.smidt@hist.no](mailto:jon.smidt@hist.no)

Jørgen Magnus Sejersted  
Førsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Universitetet i Bergen  
[jorgen.sejersted@ille.uib.no](mailto:jorgen.sejersted@ille.uib.no)

Lars Anders Kulbrandstad  
Professor i norsk ved Institutt for humanistiske fag  
Høgskolen i Hedmark  
[lars.kulbrandstad@hihm.no](mailto:lars.kulbrandstad@hihm.no)

Dagrun Skjelbred  
Professor emerita ved Høgskolen i Sørøst-Norge  
[dagrun.skjelbred@hive.no](mailto:dagrun.skjelbred@hive.no)

Arne Johannes Aasen  
Senterleder ved Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning NTNU  
[arne.j.aasen@hist.no](mailto:arne.j.aasen@hist.no)